



Arkivnr: 2014/13889-74
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		28.11.2017
Utval for miljø og samferdsel		29.11.2017
Fylkesutvalet		07.12.2017
Fylkestinget		12.12.2017

Høyringsuttale - Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021

Samandrag

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021 er ein tiltaksplan som presenterer eit samla og breidt spekter fagleg forankra tiltak, i tillegg til å styrke samarbeidet mellom dei sentrale trafikksikringsaktørane. Totalt har planen 13 innsatsområde, med 113 tiltak, der fylkeskommunane har ansvar for 18 av dei.

Planen bygger på *Meld. St 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP)* og *Meld. St 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering*. Ambisjonsnivå og prioriteringar i tiltaksplanen er i samsvar med Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018-2023 (2029), Strategiplan for polititjeneste på veg 2016-2019, Trygg Trafikk sin strategiplan 2018-2021, fylkeskommunane sine planar for prioritering innanfor trafikksikringsarbeidet og dei sju storbykommunane sine trafikksikringsplanar.

Tiltaka i tiltaksplanen skal sikre at ein har stø kurs mot etappemålet i NTP om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030, som inneber ein reduksjon på om lag 60 prosent samanlikna med gjennomsnittet for perioden 2012-2015.

Tiltaksplanen er utarbeida av Statens vegvesen, Politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. I tillegg har andre nasjonale aktørar og interesseorganisasjonar gjeve innspel til planen.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* til orientering.
2. Fylkestinget ser svært positivt på at oppfølgingstiltaka no omfattar trafikksikringsarbeidet til alle dei deltakande aktørane, og at tiltaksplanen med det vert sett på som meir forpliktande for fylkeskommunane.
3. Fylkestinget stiller seg bak dei 18 oppfølgingspunkta som fylkeskommunane har ansvaret for, og vil følge desse opp i sine planar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.11.2017

Bakgrunn

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021 er ein tiltaksplan som presenterer eit samla og breidt spekter fagleg forankra tiltak, i tillegg til å styrke samarbeidet mellom dei sentrale trafikksikringsaktørane. Totalt har planen 13 innsatsområde, med 113 tiltak, der fylkeskommunane har ansvar for 18 av dei.

Planen bygger på *Meld. St 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029* (NTP) og *Meld. St 40 (2015-2016) Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering*. Ambisjonsnivå og prioriteringar i tiltaksplanen er i samsvar med Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018-2023 (2029), Strategiplan for polititjeneste på veg 2016-2019, Trygg Trafikk sin strategiplan 2018-2021, fylkeskommunane sine planar for prioritering innanfor trafikksikringsarbeidet og dei sju storbykommunane sine trafikksikringsplanar.

Trafikksikringsarbeidet i Noreg skal framleis byggje på ein visjon om at det ikkje skal finne stad ulykker med drepne og hardt skadde i transportsektoren. I Tiltaka i tiltaksplanen skal sikre at ein har stø kurs mot etappemålet i NTP om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030, som inneber ein reduksjon på om lag 60 prosent samanlikna med gjennomsnittet for perioden 2012-2015.

Tiltaksplanen er utarbeida av Statens vegvesen, Politiet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. I tillegg har andre nasjonale aktørar og interesseorganisasjonar gjeve innspel til planen.

Fylkeskommunen si rolle i trafikksikringsarbeidet

Fylkeskommunane har ei viktig rolle i det regionale trafikksikringsarbeidet, både som ein stor veg- og skuleeigar, samt gjennom regional planmynde, ansvarlege for folkehelse og som arbeidsgjevar. Som vegeigar har fylkeskommunane etter Vegtrafikkloven § 40a eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket.

Hordaland fylkeskommune legg nullvisjonen til grunn for sitt trafikksikringsarbeid. I framlegg til *Investeringsprogram for fylkesvegnettet (2018-2029)* peika på tre særskilte satsingsområde innanfor det fylkeskommunale trafikksikringsarbeidet;

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strom
- Mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Kort om innhaldet i tiltaksplanen

Tiltaksplanen er bygd opp rundt ein struktur med fire nivå. *Nullvisjonen* ligg til grunn for trafikksikringsarbeidet i Noreg, og inneber ei tydeleg satsing på dei mest alvorlege ulykkene. Det er talet på drepne og hardt skadde som skal reduserast. Dette får følgjer for kva for tiltak som skal prioriterast. *Etappemålet* som er sett for 2030 viser ambisjonsnivået. I tiltaksplanen er det sett mål for tilstandsutviklinga, kalla *tilstandsmål*, innanfor område der tilstandsendingar er av vesentleg avgjersle for utviklinga i talet på

drepne og hardt skadde. Tiltaksplanen gjev ein samla omtale av kva *tiltak* som skal gjennomførast i perioden. Dette gjeld både vidareføring av pågåande trafikksikringsarbeid og gjennomføring av nye tiltak.

13 ulike innsatsområde og 113 oppfølgingstiltak

Utkastet til tiltaksplan er todelt, der Del I omhandlar måla for trafikksikringsarbeidet og ei oppsummering av nasjonale politiske føringar. I Del II er det ei nærare omtale av kva for trafikksikringstiltak dei ulike aktørane vil gjennomføre i planperioden. Totalt er det formulert 113 *oppfølgingstiltak* der dei fleste tiltaka er sortert innanfor eitt av totalt 13 ulike *innsatsområde*. I tillegg har tiltaksplanen tre vedlegg; dei fylkesvise målkurvene, ein oversikt over organiseringa av trafikksikringsarbeidet (manglar i høyringsutgåva) og ei opplisting av oppfølgingstiltaka.

Dei 13 innsatsområda som vert via særleg merksemd er:

- *Fart (kapittel 4.2)*
- *Rus (kapittel 4.3)*
- *Bilbelte/sikring av barn i bil (kapittel 4.4)*
- *Barn (0-14 år) (kapittel 5.2)*
- *Ungdom og unge førere (kapittel 5.3)*
- *Eldre trafikanter og trafikanter med funksjonsnedsettelse (kapittel 5.4)*
- *Gående og syklende (kapittel 6.2)*
- *Motorsykel og moped (kapittel 6.3)*
- *Transport med tunge kjøretøyer (kapittel 6.4)*
- *Møteulykker og utforkjøringsulykker (kapittel 7.2)*
- *Tilrettelegging for effektiv datautveksling mellom kjøretøy og infrastruktur og for automatiserte (selvkjørende) kjøretøy (kapittel 8.2)*
- *Kjøretøyteknologi (kapittel 8.3)*
- *Systematisk og samordnet trafikksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner (kapittel 9.2)*

Innanfor kvart innsatsområde er det sett mål for tilstandsutviklinga, og i tillegg gjeve ei opplisting av tiltaka som er planlagt gjennomført i planperioden for å nå tilstandsmåla. Innsatsområda er valt, enten fordi det ved gjennomføring av målretta tiltak er eit stort potensiale for redusert tal drepne og hardt skadde, eller fordi det er eit område som det er knytt særleg stor politisk interesse til.

Fylkeskommunane si rolle i dette planarbeidet

Forslaget til tiltaksplan som no ligg føre skil seg frå førre plan ved at oppfølgingstiltaka no omfattar trafikksikringsarbeidet til alle dei deltakande aktørane. I førre plan (2014-2017) var fylkeskommunane med tilhøyrande tiltak omtalt per fylke, etter ein fastsett mal frå Vegdirektoratet. Målet med endringa er at tiltaksplanen skal vere eit dokument som alle dei deltakande aktørane oppfatar som forpliktande, og der aktørane ser ein klar samanheng mellom eigen innsats, tilstandsbetringar og reduksjon i talet på drepne og hardt skadde.

Fylkeskommunane har gjennom året levert inn innspel til planarbeid i to omgangar. Desse innspela er koordinert inn i arbeidsgruppa gjennom Hordaland fylkeskommune, medan Buskerud fylkeskommune har sete i styringsgruppa. Innspela har gjeve oss ei god oversikt over arbeidet som vert gjort i dei ulike fylkeskommunane, og kva for fokusområde og trafikksikringstiltak som er prioritert. Fylkeskommunane sine tilbakemeldingar har vore heilt avgjerande i utforminga av dei fylkeskommunale oppfølgingstiltaka. Totalt omfattar no høyringsutgåva 18 oppfølgingstiltak som fylkeskommunane har fått ansvaret for.

Fylkeskommunale oppfølgingstiltak i tiltaksplanen

Fylkeskommunane har naturleg nok ikkje oppfølgingstiltak innanfor alle innsatsområda, men har i planen 18 oppfølgingstiltak som er bundne opp til dei områda som fylkeskommunane i særleg grad kan ha innverknad på, og rår over.

Bilbelte/sikring av barn i bil (kapittel 4.4)

- 1) *Fylkeskommunene vil gjennomføre tiltak for at barn er lovmessig sikret under skoletransport. (tiltak nr 22)*

Gjennom sitt ansvar for trafikkisikring og for kollektivtrafikken i fylket har fylkeskommunen høve til å setje eit ekstra fokus på bruk av bilbelte i buss. Fylkeskommunen har førebels ikkje planlagt konkrete haldningsskapande tiltak, men dette vil vurderast i planperioden.

Barn 0-14 (kapittel 5.2)

- 2) *Fylkeskommunene og storbykommunene skal gjennomføre fysiske tiltak for å motvirke ulykker med barn og unge på fylkeskommunale og kommunale skoleveger. (tiltak nr 35)*

Dette er eit høgt prioritert område for Hordaland fylkeskommune. I Regional transportplan (RTP) er det årleg sett av om lag 50 mill kroner til fysiske trafikkisikringstiltak i Hordaland. I tillegg kjem Fylkestrafikkisikringsutvalet (FTU) sine midlar, og midlar over postane Mindre utbetringar, Kollektivtiltak og Gang- og sykkeltiltak som i stor grad er knytt til skuleveg. Utover dette ligg det midlar i dei ulike bompengepakkane.

- 3) *Fylkeskommunene skal støtte og oppmuntre kommuner og frivillige organisasjoner til å sikre skoleveger og nærmiljø, og skape gode holdningar hos barn og unge. (tiltak nr 36)*

Fylkeskommunen har gjennom FTU midlar til trafikantretta tiltak, mellom anna gjennom ulike typar tilskotsordningar retta mot kommunar, skular og barnehagar. I tillegg har fylkeskommunen i RTP løfta fram Trygge skulevegar og Hjertesone som særlege satsingsområde. Gjennom fylkeskommunen sitt folkehelsearbeid stør ein også oppunder tiltaket.

Ungdom og unge bilførere (kapittel 5.3)

- 4) *Fylkeskommunene vil gjennomføre tiltak for å påvirke til god trafikkisikkerhetsadferd hos ungdom i videregående skole. (tiltak nr 45)*

Fylkeskommunen har gjennom sitt ansvar for vidaregåande opplæring eit særleg godt høve til å kunne påvirke fokuset på trafikktryggleik i den vidaregåande skulen. Dette er eit utsett aldersgruppe, med høg risikofaktor. Trafikkisikringsarbeidet inn mot denne aldersgruppa må ha ei fast ramme, gjerne i kombinasjon med ulike kampanjar. Trygg Trafikk har fleire gode haldningsskapande kampanjar som fylkeskommunen kan implementere i sine vidaregåande skular.

- 5) *Fylkeskommunene vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og andre samarbeidspartnere, arbeide aktivt med trafikkisikkerhet i russetida. (tiltak nr 48)*

Fylkeskommunen har i mange år hatt eit nær samarbeid med hovudrussestyret, Trygg Trafikk og andre samarbeidspartnarar.

Gående og syklende (kapittel 6.2)

- 6) *Fylkeskommunene vil tilsammen tilrettelegge for om lag XX km fylkesveg for gående og syklende i planperioden, hvorav XX km i byer og tettsteder. (tiltak nr 65) [Vi legger til grunn at det vil bli hentet inn tall fra fylkeskommunene, slik at antall km kan inngå i den endelige utgaven av tiltaksplanen.]*

Mjuke trafikantar er eit særskilt satsingsområde for Hordaland fylkeskommune. I investeringsprogram for fylkesvegnettet (Hordaland utanom Bergen) er det sett av eigne midlar til gang- og sykkeltiltak, og i tillegg kjem midlane over postane Mindre utbetringar, Trafikkisikringstiltak og Kollektivtiltak som i stor grad er knytt til skuleveg. Utover dette ligg det midlar i dei ulike bompengepakkane, inkludert midlane i Miljøløftet i Bergen kommune.

- 7) *Fylkeskommunene vil, gjennom ulike tiltak og virkemidler, påvirke til økt bruk av sykkelhjelm og refleks. (tiltak nr 72)*

Fylkeskommunen har gjennom FTU midlar til innkjøp av refleksar til utdeling, samt midlar til ulike kampanjetiltak. Dette er eit høgt prioritert arbeid for Hordaland fylkeskommune.

Møteulykker (kapittel 7.2)

- 8) Fylkeskommunene vil, med bistand av Statens vegvesen, gjennomgå fylkesvegnettet og plukke ut strekninger som er egnet for etablering av forsterket midtoppmerking ut fra gjeldende kriterier. Fylkeskommunene vil etablere forsterket midtoppmerking på disse strekningene når de blir reasfaltert. (tiltak nr 90) *[Dette gjelder kun strekninger der forsterket midtoppmerking kan etableres uten at det gjennomføres andre tiltak (det betyr blant annet at strekningen før reasfaltering har vegbredde $\geq 7,5$ meter og at kriterier mht gående og syklende er oppfylt) Erfaringstall fra Statens vegvesen viser at vi på slike strekninger får en ekstrakostnad på i størrelsesorden 40 kr per løpemeter til fresing i asfalten (kr 40 000 per km). På den annen side får vi i tillegg til en positiv trafiksikkerhetseffekt også økt levetid på vegoppmerkingen. I TØI rapport 1556/2017 Effektkatalog for trafiksikkerhetstiltak er det oppgitt at forsterket midtoppmerking gir en forventet reduksjon på 40 prosent når det gjelder møteulykker og utforkjøringsulykker til venstre.]*

Møte- og utforkjøringsulykker er eit av tre særskilte satsingsområde til Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen har allereie vedteke at forsterka midtoppmerking skal etablerast ved reasfaltering. I tillegg har FTU ved fleire høve sett fokus på forsterka midtoppmerking, og Statens vegvesen har lagt fram forslag til strekningar der dette tiltaket kan etablerast.

Utforkjøringsulykker (kapittel 7.3)

- 9) Fylkeskommunene vil igangsette et systematisk arbeid med sikte på at fylkesveger med fartsgrense 70 km/t eller høyere skal tilfredsstillе minstestandarden i NTP mht. utforkjøring. (tiltak nr 92)

Møte- og utforkjøringsulykker er eit av tre særskilte satsingsområde til Hordaland fylkeskommune, og utforkjøringsulykker er ei stor utfordring på fylkesvegnettet i Hordaland. Det er eit stort behov for å sikre vegnettet med omsyn til utforkjøringsulykker, og dette vil skje gjennom strekningsvise utbetringstiltak og midlane sett av til fornying og opprusting.

Systematisk trafiksikkerhetsarbeid i fylkeskommuner og kommuner (kapittel 9.2)

- 10) Fylkeskommunene vil oppfordre Ungdommens fylkesting til å arbeide aktivt med trafiksikkerhetsarbeid som er rettet mot ungdom. (tiltak nr 103)

Ein representant for Ungdommens fylkesting møter fast i FTU. Ungdommens fylkesting får i tillegg årleg tildelt refleksar.

- 11) Fylkeskommunene og storbykommunene vil tilrettelegge for aktivt samarbeid mellom etater og organisasjoner for å forene krefter og arbeide målrettet med trafiksikkerhet på regionalt og lokalt nivå. (tiltak nr 104)

Dette er ei av anbefalingane frå dei fylkeskommunale samferdselssjefane i Meld. St. 40. I Hordaland fungerer FTU godt som eit koordinerande organ mellom ulike trafiksikringsaktørar, men bør vidareutviklast til i enno større grad å samarbeide om å arbeide målretta mot nullvisjonen.

- 12) Fylkeskommunene og storbykommunene vil utarbeide planer og/eller strategier for trafiksikkerhet med god involvering og politisk forankring, og koble arbeidet til relevante nasjonale planer. (tiltak nr 105)

Dette er ei av anbefalingane frå dei fylkeskommunale samferdselssjefane i Meld. St. 40 (2015-2016). Trafiksikringsarbeidet til Hordaland fylkeskommune er ein del av RTP med tilhøyrande Investeringsprogram for fylkesvegnettet.

- 13) Fylkeskommunen vil arbeide for at alle kommuner skal ha kommunale trafiksikkerhetsplaner. (tiltak nr 106)

Fylkeskommunen har gjennom FTU ei eiga tilskotsordning som rettar seg mot kommunar som ønskjer å utarbeide kommunale trafikksikringsplanar. Ordninga har fungert bra, og er tenkt vidareført i kommande planperiode.

14) Statens vegvesen vil, i samarbeid med Trygg Trafikk og fylkeskommunene, revidere Håndbok V722 Kommunale trafikksikkerhetsplaner. (tiltak nr 107)

Fylkeskommunen har sett at Håndbok V722 på fleire områder er utdatert, og bør reviderast, og stør oppunder dette tiltaket. Til dømes får fylkeskommunen ofte spørsmål frå kommunar som skal utarbeide nye kommunale trafikksikringsplanar om korleis innhald og omfang i desse planane bør vere.

15) Fylkeskommunene vil etablere en møteplass for erfaringsdeling og «best practice» for det fylkeskommunale trafikksikkerhetsarbeidet. (tiltak nr 108)

Det vert gjort mykje godt trafikksikringsarbeid på fylkeskommunalt nivå, men det er store skilnader mellom fylka. Det er difor eit behov for å etablere ein møteplass for erfaringsutveksling, og eit forum der fylkeskommunane kan presentere gode eksempel på tiltak. Ein slik samarbeidsarena vil og vere eigna for diskusjon vedkommande fylkeskommunane si oppfølging av tiltaka i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg*. Hordaland fylkeskommune ser verdien av ein slik møteplass, og stør oppunder tiltaket.

16) Fylkeskommunene og storbykommunene vil bidra til at trafikksikkerhet er tema i areal- og transportplaner for byområder som er aktuelle for bymiljøavtaler/byvekstavtaler, og at det fastlegges mål, strategier og tiltak for trafikksikkerhet. (tiltak nr 109)

Dette handlar mellom anna om samanhengen mellom nullvekstmålet og nullvisjonen. Det er ved fleire høve peika på at nullvisjonen og nullvekstmålet står i eit motsetnadstilhøve til kvarandre gjennom at mjuke trafikantar er ei særst utsett trafikantgruppe. Her er det heilt avgjerande at det vert etablert gode tiltak som kombinerer tilrettelegging for auka gange og sykling, og som samstundes sikrar dei mjuke trafikantane med tanke på trafikkkulykker. Dette krev ei medviten satsing, og godt funderte val av tiltak frå mange ulike trafikksikringsaktørar. Tiltaket er ei av anbefalingane frå dei fylkeskommunale samferdselssjefane i Meld. St. 40 (2015-2016).

17) Trygg Trafikk vil, i samarbeid med fylkeskommunene, arbeide for at det per 1/1-2022 skal være 125 kommuner som er godkjent som Trafikksikker kommune og at allerede godkjente kommuner blir regodkjent. (tiltak nr 110)

Arbeidet med Trafikksikker kommune har fungert godt i Hordaland, og fylkeskommunen ser føre seg at om lag 8-10 kommunar kan verte godkjent i kommande planperiode.

18) Trygg Trafikk vil bidra til at fylkeskommuner kan godkjennes som Trafikksikker fylkeskommune. (tiltak nr 111)

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er i prosess med ei samanslåing frå og med 1. januar 2020. Regionreforma er svært omfattande, og vil i stor grad prege arbeidet på regionalt nivå i fireårsperioden 2018-2021. Det er likevel viktig at det ved etablering av ein ny region vert fastsett gode rutinar for trafikksikringsarbeidet. Trygg Trafikk sine kriteria for Trafikksikker fylkeskommune vil slik sett kunne vere ei viktig rettesnor for dette arbeidet.

Fylkesvise målkurver

Det nasjonale etappemålet om maksimalt 350 drepne og hardt skadde i 2030 ligg som premiss for tiltaksplanen. Dette er eit krevjande måltal å nå, og tiltaka må omfatte eit breidd sett av ulike typar tiltak i tråd med nullvisjonen. Til liks med i førre tiltaksplan (2014-2017) er det nasjonale måltalet brote ned på fylkesnivå, og for Hordaland sin del er det sett eit etappemål om maksimalt 33 drepne og hardt skadde i 2030. I 2014 var det sett eit måltal på 79 omkomne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland, med eit mål om ein reduksjon til 56 i 2020, 47 i 2024, og 33 i 2030.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen merkar seg at innsatsområda og tiltaka i tiltaksplanen fell godt saman med dei særskilte satsingsområda som Hordaland fylkeskommune sjølv har valt ut. Vidare ser fylkesrådmannen svært positivt på at oppfølgingstiltaka i planen no omfattar trafikksikringsarbeidet til alle dei deltakande aktørane, inkludert fylkeskommunane, og tiltaksplanen bør med det sjåast på som meir forpliktande for fylkeskommunane.

Dei 18 oppfølgingspunkta som fylkeskommunane har fått ansvaret for dekkjer fylkeskommunane sitt trafikksikringsarbeid på ei god måte, og er eit løft for samordninga og styrkinga av trafikksikringsarbeidet ei fylket. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget tek *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* til orientering.